

# Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 8  
Des. 1974  
7. årgang



## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna  
Redaktør: Helge Hitland, Indre Arna  
Redaksjonsnemd: Ingvar Fykse, Harald Haugsvær, Knut Brakestad  
Forretningsførar: Monrad Ulveseter, Indre Arna.  
Bladpengar: kr. 15. Postgiro 310444  
Dagens Trykkeri, Bergen

## ARNA PRESTEGJELD

### Prestekontoret Indre Arna:

Kontortid: tirdag, onsdag, fredag kl. 10-1130  
torsdag kl. 17.30-19.00 Tlf. 240400

### Prestekontoret Ytre Arna:

Kontortid torsdag 17.30-19.00, fredag 10-11.30  
Tlf. 24 13 25

### Addresser:

Fung. sokneprest Ingvar Fykse, Gamlevn. 8 Ytre Arna  
Tlf. 24 13 25

Fung. res.kap. Helge Hitland. Høgatun 16 a Indre Arna Tlf.  
24 09 65

Organist Solveig Tesdale, Stølsvn 25 Tlf. 24 16 06  
Organist Michael Knutsen Tyrivn. 20 Eidsvåg tlf. 25 63 48

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsvn. Indre Arna  
Tlf. 24 07 39

Tirsdag og torsdag kl. 17.00-18.00  
Onsdag og fredag kl. 10.00-11.00

Kyrkjetenar Eirik Arne, Ytre Arna Tlf. 24 12 30  
Soknerådsformann i Arna: Ingmar Ljones, Stølsvn 111 A  
Tlf. 24 15 94

Soknerådsformann i Ytre Arna: Knut Brakestad, Johan Rong-  
vedsvei 16 tlf. 24 11 35.  
Klokkar Ytre Arna: Per Sæle, Skulevn. 10. Ytre Arna tlf. 241310

## BARNET I KRUBBA — FRELSAREN PÅ KROSSEN!

*Korleis vil du ein juleandakt skal vere?*

*Skal det vesle barnet vera hovudpersonen — ein liten baby med Maria og Josef ved sida, med okse og asen og kvitkledde englar som syng? Alt er stor idyll — vi er i god julestemning — det er slik vi meiner det er å feira jul — slik vi er vane med — juletre med blanke lys, julegåver — dyrare enn i fjor — ting vi lenge har hatt hug på — ting vi ikkje heilt har bruk for.....*

*La meg stoppa der... eg meiner ikkje å ta frå deg julegleda. Vi har lov til å gle oss. Men ynsket var at vi måtte la det åndelege innhaldet i juleevangeliet få større plass i hjarto våre og i julefeiringa vår.*

*Tradisjonar er gode å ha, meir enn nokon gong. La oss ta var på dei... men.. vi må ikkje gjera Jesus til eit barn som vi berre tek fram ein gong i året og feirar... vi må ikkje gjera Jesus om til ein julefigur.... Jesusbarnet viser oss til den lidande Jesus på korset og den oppstadne og triumferande Herre.. til vår personlege Frelsar som vil noko med kvart einaste menneske og som gjennom sitt føredøme manar oss til nestekjærleik.*

*I vår julefeiring må vi som lever i overflod identifisera oss med lidande medmenneske — menneske som ber om hjelp.. menneske som er svoltne... menneske som er sjuke... menneske som kjem til kort i vårt effektive velstandssamfunn....*

*Verda blir mindre og mindre. Medmenneskeleg naud og liding kjem oss mykje nærrare inn på livet enn før — ja, rett inn i stovene våre.*

*Nokre meiner til og med det blir for mykje.....*

*Men skal vi lata att augo for realitetar?*

*Som kristne, som ser fram til julefeiringa med glede og spaning, må vi ikkje gløyma ansvaret vårt. Sjå på framsida av dette bladet. Julemotivet ser vi med ein gong. Men legg også merke til krossen i bakgrunnen. Berre dersom vi lar krossen vere ein del av jula, har vi fullt ut skjøna boddskapen.*

*Gud sin egen sønn oss gav  
nu ved juletide,  
Derfor går et lovsangshav  
over verden vide.  
Derfor fra det høye kor  
lyder det her nede:  
Give er din sak på jord,  
gi, og gi med glede.*

*Gi din Gud ditt hjerte hen,  
gi din ringe neste,  
gi din uvenn og din venn,  
gi dem av ditt beste.  
Gi til du blir tom og arm,  
intet skal du miste,  
gi til du blir rik og varm,  
rikest på det siste.*

Margit Boge

# Julen budskap betyr noe for oss hele året!

— Julen innvies med at barna og vi foreldrene går i kirken julften. De andre juledagene prøver vi også å gå. Dette synes vi er viktig, for vi feirer jo julen fordi Jesus ble født. Og da bør han jo også få en sentral plass i julefeiringen, sier Åse Taule. Vi sitter nå heime hos dem og snakker med henne om julen og vår julefeiring. Vi vil at hun skal fortelle oss litt om hvordan de feirer julen der i heimen.

— For oss er det hjemmets jul. Vi er hjemme alle. Vi har fri fra skole og arbeid. Vi koser oss hjemme og går på julefester med barna. Julen gleder vi oss til, og den snakker vi om lenge etter på.

— Betyr julen noe for deg?

— Jeg synes den er den fineste høytiden i hele året. Og det største som har skjedd for oss mennesker, skjedde jo i julen da Jesus ble født.

— Hva synes du om jula slik vi møter den i julegater og butikkvindu?

— For det første så begynner den altfor tidlig. Og for det andre så er det litt nedslående med nissene og alt det der. Jeg skulle ønske at vi fikk se mer av de kristne julemotiver.

— Ser vi på vår tids julefeiring med overflod av mat. Hvilke tanker gjør du deg da sett på bakgrunn av nøden i verden?

— Jeg synes vi overdriver. Jeg for min del føler det slik at da blir jeg tvunget til å be for dem som har det vondt. Jeg får også lyst til å gi en ekstra gave til de nødlidende.

— frode —

— Julebudskapet gjelder ikke bare julen, men hver dag gjennom hele året. Dette at Jesus tok menneskesskikkelse på seg og kom til jorden, betyr noe for oss hele året.

Det er Bjørg og Jan Marius Olsen som sier dette i samtale med Kyrkjelydsblad. Vi sitter heime hos dem og prater om forskjellige sider ved julefeiringa.

— Julen er en fin høytid som har et rikt innhold. Og innholdet bør være grunnen for selve feiringen. Får en ikke budskapet fram, hjelper det lite hvor fin ramme vi kan skape om julehøytiden.

— Hva synes dere om jula slik vi møter den i butikkvinduer og julegater?

— All handelen og kav og maser er for overdrevet. Det blir ofte slik at folk er helt utkjørt når hjemmets fest skal begynne. Og det er vel ikke meningen.

— Ser vi på vår tids julefeiring med overflod av mat, hvilke tanker gjør dere dere sett på bakgrunn av nøden i verden?

Der har vi innrettet oss slik i vårt hjem, at vi ikke kan snakke om direkte overflod utover den overflod vi har hele året. Vi har jo alltid noe ekstra i huset når vi venter gjester. Slik blir det også i julen. Vi fråtser

Forts. s. 12

# OG ORDET VART KJØT .....

Slik sammanfattar evangelisten Johannes jula sitt innhald. Han kjem ikkje nærrare inn på korleis det kunne gå til, at Gud vart menneske. Det er eit mysterium som tanken ikkje utgrunnar. Snarare reagerer forstanden i mot ein Gud som gjer seg så skrøpeleg og liten at han kjem til jord som eit hjelpelaust barn. Han fornedra seg, ikkje berre til stall og krubbe, men til ein skammeleg forbrytardød. Ein Gud som heilt overlet seg menneskehender!

— Det stemmer ikkje med vårt gudsbyllede —, uttalte ein ortodoks jøde nyleg i fjernsynet. Slikt kunne ikkje Gud gjere, for slik er ikkje Gud. Likevel: dette gjorde han, slik er Gud.

Korleis Gud vart menneske, er ein løyndom Gud held for seg sjølv.

Kvífor han vart det, fortel Bibelen oss:

— Men då tida var fullkoma, sende Gud Sonen sin, fødd av ei kvinne, fødd under lova, så han skulle kjøpe dei frie som er under lova, så me skulle få barneretten —. Gal. 4,4—5.

Tanken er klår nok: Gud måtte bli menneske for å frelse menneske. Redningsmannen må vere som ein av dei han skal berge. Samstundes må han vere noko langt meir. Kort sagt: han måtte vere Gud og menneske.

La oss tenkje oss eit skip i havnaud. Stormen rasar. Byljene går høge og truar med å sende båt og mannskap til bunns. Inne på redningsstasjonen blir SOS-meldinga oppfanga. Ei redningsskøyte med erfarte sjøfolk går ut.

Redningsbåten må ut i same veret og i dei same byljene som det skipet som er i havnaud. Redningsfolka må våge å ta opp kampen mot den same stormen som dei havarerte er oppe i. Redningsbåt og redningsfolk må dele påkjenningane med dei som skal reddast. Bergingsaksjonen krev det. Det er ingen veg utanom. Det hjelper ikkje å sitje inne på land og sende ut gode råd til dei som held på å drukne. Nokon må ut i stormen og kavet. Elles er dei der ute alle fortapte.

Ordet vart kjøt. Gud vart menneske. Gud kom til oss der vi var, i vår naud, fortapte. Han tok opp kampen mot dei maktene som vi ikkje var i stand til å verje oss mot, synda, døden og satans rike. Han kunne sitje i himmelen og sende gode råd til jorda om korleis menneskeslekta skulle frelse seg sjølv. Det var berre ikkje hjelp i. Råd og bud og reglar var ikkje nok. Vi trong ein Frelsar.

Vi trong ein som steig så langt ned, at han endog kunne løfte opp den som var fallen djupast.

Difor var Gud menneske!

— Folkefrelsar til oss kom, Fødd av møy i armodsdøm! Heile verdi undrat på Kvi du soleis koma må.

Herrens under her me ser, Ved Guds Ande dette skjer.

Livsens ord frå himmerik, Vert i kjøt og blod oss lik. Utan synd han borene er, Som all synd for verdi ber. Han er både Gud og mann, Alle folk han frelsa kan —.

Ingvar Fykse.

# DE LETER ETTER MAT I SØPPELHAUGENE!

Vi er i full gang med våre forbredelser til jul.

Pengene har fått bein å gå på. Lommeboka blir mer og mer slunken. Men maten er kommet i hus — gavene er kjøpte. Alt skulle ligge til rette for en god jul — en jul i overflod???

Kanskje vi skulle la journalistens inntrykk fra det krigsherjede Vietnam få plass i våre tanker — i dag — i julehelga — inn i det nye året??

Det var usigelig mye trist å se i Saigon. Det gjør inntrykk på en fra velferdsstaten Norge å se unge og eldre røte rundt i søppelhauger etter mat. Vi så selv at de puttet en matbit i munnen direkte fra søppelhaugen. Som gribber kastet de seg over de nye ladningene som ble tømt. Om de kanskje ikke fant mat, så kunne der være noe annet til bruk i «hjemmene..»

Boligene i slummen er et kapittel for seg. Nå må ingen tro at alle vietnamesere bor i primitive skur satt opp av bølgeblikk og gamle trerester. Så langt der i fra. Men det er ikke vanskelig å få øye på denne «bebyggelse,» — på fortauet klint inntil gjerder, på påler langs elvebredder, ja vi så dem sogar på en kirkegård. Det var helst luftig under taket, og mange steder kunne alle og enhver se rett inn. Det var helst deprimrende å se «inventaret». Det bestod som regel av en

breiseng, noen hengekøy til alle ungene og i este fall noen skap og et bord. I disse miljøene kryr det av unger som løper skitne og barbente i slummens bakgater.

Det er ofte flyktninger som bor i disse kummerlige forholdene. Fra krigsherjede områder strømmer de i tusenvis til hovedstaden hvor de føler seg litt tryggere. Dermed kommer problemene i Saigon seg opp. Det er vanskelig å finne arbeid for nykommerne. Lykkelig er den som er nevenytig og som kan lage et eller annet for salg. Ellers gjelder det å bruke fantasien. Kanskje er en mor flink å bake, og barna blir sendt på gata for å selge hennes produkter. Eller kanskje blir faren en syklende drosjesjåfør eller får seg en annen dårlig betalt jobb. En daglønn på fem kroner er ikke uvanlig. Da er det hardt å holde en familie med mat. Prisstigningen i Vietnam har vært enorm. Et kilo sukker koster ni kroner.

Så har man da bakgrunnen for at det virrer rundt utallige tiggere og lommetyver i Saigon. Demoralisering følger i krigens kjølvann. Enhver hvit utlending blir som en «Krøsus» når han stryker forbi forkomne tiggere som forgjeves rekker ut sin hånd eller sin hatt. Hva tenker de? Jeg vet ikke, men kontrasten er i hvert fall åpenbar.....

Eldri E. Storhaug



Som gribber kaster de seg over en ny ladning på søppelhaugen.



Mon tro om de finner noe brukbart i søppelhaugen i dag?

# Barneside



## Julen er Jesus sin bursdag:



Vi sitter nå i Indre Arna Dagheim. Rundt oss er det yrende liv. Noen sitter og lager fine pannekaker av modellkitt. Andre er travelt opptatt med dukkene sine. Og så har vi noen riktig spreke som viser hvor flinke de er til å turne. Alle jubler og ler og ser ut til å stortrives.

Vi har tenkt til å snakke med dem lite grann om julen. Og vi har ikke før nevnt ordet «jul» før praten er i full sving.

— Eg gleder meg veldig til jul — utbryter Anita — for då er det så kjekt. Då skal vi ha juletre hjemme hos oss.

— Vi har ribbe på julafarten, vi. Og det er det beste eg vet. Då spiser eg meg helt mett — smiler Hans Jakob. Og Sjuren er helt enig med han i at ribbe er det beste som fins. Og han forteller at han ønsker seg ny racerbil eller politiklær. Nå blir de nesten ikke til å styre. Alle vil fortelle hva de ønsker seg til jul. I år vil det nok bli rift om både kniver og lommelykter, dokkesenger og dokkehus. Vi avbryter og spør om det er noen som

vet hvorfor vi gir hverandre julegaver: — Fordi døter Jesus sin bursdag, vel — utbryter Sjur etter en liten tenkepause. Han kan ikke få presangar, for han bor opp i himmelen. Og då får vi de istedetfor.

— Jesus blei født i en hestestall — sier Solveig. Han kom til verden oppi den kassen som hesten skulle spise av.

— Hva slags sanger skal vi synge i julen? spør vi.

— Julesanger, vel. — roper de i kor.

— Kan dere navnet på en julesang?

— «Vi klapper i hendene» — sier Jostein og Bjørn Inge i kor.

— «Eg er så glad hver julekveld» — smiler Else Toril og så roper et par gutter i kor — «for da ble Jesus født».

— «Faren til Jesus heter Josef» — sier Karstein glad.

— Han heter Gud og — mener Hans Jakob.

— Eg kommer i kirken når det er jul — sier Sjur til slutt. Det gjør vi også roper de andre.

# Familieside



## Arna sokn

### Døypte:

- 31/08 Eli, for.: Arvid Matre—Kjellaug, f. Garnes.  
31/08 Dan Gøran, for.: Jarle Larsen—Grethe, f. Sjursen.  
31/08 Thor, for.: Magnus Skjoldal—Åse, f. Akselberg.  
31/08 Erik, for.: Magnus Skjoldal—Åse, f. Akselberg.  
31/08 Jan Ove, for.: Johan Garnes—Oddny, f. Rønneseth.  
31/08 Rune, for.: Johannes Litangen—Agnes Margrethe, f. Herland.  
01/09 Johan Fredrik, for.: Johan Pritzbauer Småland—Eirin Tove, f. Lillejord.  
08/09 Terje, for.: Jarl Håkon Sørtun—Ellen Karin, f. Reknes.  
08/09 Torunn, for.: Kjell Nybø—Nancy Margrethe, f. Nilsen.  
22/09 Ørjan, for.: Agnar Hjelde—Minna Marie, f. Larsen.  
22/09 Endre, for.: Arne Magne Nåmdal—Astrid Konstanse, f. Bruvik.  
06/10 Bjarte, for.: Magnus Mathias Aaland—Bente Elin, f. Sagen.  
19/10 Stig Bjarte, for.: Terje Brekke—Aslaug Inger, f. Nesset.  
19/10 Andreas, for.: Egil Nyteit—Kari, f. Jensen.  
19/10 Knut, for.: Finn Helge Rosvold—Anna, f. Rådmannsøy.  
19/10 Tor Gunnar, for.: Jan Gunnar Haugen—Solveig Irene, f. Olsen.  
19/10 Anne, for.: Odd Grønbeck—Elin, f. Bakke.  
19/10 Evy Kristin, for.: Malvin Asbjørn Førland—Judit Elin, f. Bratland.  
19/10 Rune Borge, for.: Jan Arne Karlsen—Berit Brenne, f. Borge.  
19/10 Ole Christian, for.: Magne Endresen—Ingrid Olaug, f. Ballestad.  
19/10 Roger, for.: Anders Jon Trefall—Åshild, f. Johansen.  
19/10 Asbjørn, for.: Olav Magne Gjerde—Ruth Henny, f. Sørliid.  
13/10 Hege, for.: Johannes Prestegård—Karin Johanna, f. Havre.  
27/10 Irene, for.: Audun Tunestveit—Anna, f. Lindkvist.  
27/10 Rita Kristine, for.: Karsten Agnar Heggøy—Astrid Marie, f. Nakken.  
27/10 Åse, for.: Svein Waage—Sølvi, f. Songstad.  
27/10 Jan Kristian, for.: Kai Ånund Stoveland—Berit, f. Sjaastad.  
09/11 Siv Anita, for.: Vidar Lohne—Marian Magnhild, f. Kallhovd.  
09/11 Linn Jeanette, for.: Jan Kåre Helgesen—Grete, f. Mjelde.  
09/11 Cathrine, for.: Torstein Haukeland—Kate, f. Sunde.  
09/11 Gerd-Elin, for.: Kåre Johan Bjarne Fjeldstad—Solveig, f. Scherman.  
09/11 Trond, for.: Magnus Mostrøm—Karen, f. Nyhaug.  
09/11 Atle, for.: Tor Atle Sivertsen—Karin, f. Thunestveit.  
09/11 Bertil, for.: Tor Myklebust—Eldbjørg Olene, f. Cock.

# Familieside



10/11 Jannicke Therese, for.: Gunnar Michael Mikkelsen—Gro, f. Sivertsen.

16/11 Geir, for.: Eivind Holm Lund—Inger Johanne, f. Olsen.

## Vigde:

19/10 Torleid Skulstad og Anne-Grethe Solberg.

19/10 Rolf Magne Husebø og Aud Reksten.

26/10 Jonny Natås og Anne Britt Kjerpeseth (Strusshamn).

09/11 Dagfinn Kvamme og Randi Jorunn Sjursæter.

09/11 Magnus Lystrup og Jorun Unneland.

## Avlidne

15/10 Martin Andreas Øijord, f. 1887.

17/10 Astrid Elfrida Fjellanger, f. 1894.

17/10 Anna Gjerald, f. 1896.

23/10 Marie Kristine Borge, f. 1904.

29/10 Knut Martin Grønsdal, f. 1893.

## Ytre Arna sokn

### Døypte:

29/09 Gunn Merethe, for.: Finn Jakobsen—Bjørg Jorun, f. Hauglund.

29/09 Edith Johanne, for.: Helge Stein Olsen—Aud, f. Milde  
(Domkirken)

13/10 Rune, for.: Arnt Håkon Littlekalsøy—Mary Oddveig, f. Sellevåg.

03/11 Cathrine, for.: Christian Agnar Bredenbekk—Oddny Margrethe  
f. Faugstad.

17/11 Torgils, for.: Lars Skaar—Rigmor Dorthea, f. Landmark  
(Arna)

### Vigde:

26/10 Jan Arild Hågensen og Mona Alice Hundhammer

09/11 Arne Brandsdal og Britt Gunvor Hylseng.

16/11 Nils Birkeland og Ingebjørg Haugland

## Avlidne:

23/08 Ole Martin Haugland, f. 1902.

02/10 Margit Namtvedt, f. 1901.

04/10 Solveig Vevle, f. 1902.

04/10 Anna Kristine Nundal, f. 1924.

19/10 Varhild Alvilda Vik, f. 1938.

01/11 Marta Aase, f. 1899.

18/11 Anna Presthus, f. 1905.



Arna Helselag heidra dei som gjorde opptak til at barnekontrollstasjonen i Indre Arna kom igong i 1954.

Bilete viser dei 7 damene som idag lever att av dei som for over 20 år sidan tok opp ideen om ein barnekontrollstasjon i Indre Arna. Det er Oline Seim, Hilda Wæhle, Brita Sandquist, Astrid Hansen, Marie Sivertsen, Petra Pedersen, Aslaug Solberg samt Dr. Reistad som har vært lege ved barnekontrollen siden starten i 1954 og nåverande formann i Arna Helselag Johannes J. Midtun.

Desse damene var tidligare drivkraften i Seim helselagsforening som iår er 40 år, nå Arna helselag. Denne forening er fortsatt i aktiv arbeid.

Det var på eit ope medlemsmøte på Arna Kafe, at helselaget hadde samla desse framsynte damene til ei lita festleg tilstelling ilag med andre helselagsmedlemmer.

Formannen holdt ein liten tale til desse, og takka for at dei hadde vere så framsynte. Det här vist seg at ein barnekontroll i Arna-område har det vore stort behov for. Som ein liten oppmerksomhet for dette fekk kvar av dei samt Dr. Reistad overrekt blomebuketter. Dr. Reistad takka på vegne av alle og fortalte litt frå den første tida på barnekontrollen.

Arna helselag har idag ca. 1000 medlemar, men fleire er velkommen.

Johannes J. Midtun.  
formann.

# Ungdomsside



## JESUS EIN UUNNVERLEG VEN

Eg kunne aldri tenkje meg å kutte ut Jesus. Eg har lært han å kjenna som ein ven eg ikkje kan vera forutan. Han kan eg snakke med alt om. Og han høyrer alltid på meg.

Han er det einaste faste haldepunktet eg har, som aldri forandrar seg. «Han er i går og idag den same, ja til evig tid».

A få vera saman med andre som også vil satse livet sitt på Jesus, betyr mykje for meg. Det kristne miljøet har gitt meg mykje. Der får eg hjelp til å vera ein kristen i kvarldagen, og det er ikkje alltid så lett.

Anne Hilde Garnes Johnsen.

### Frå side 4

vel hele året, og det er vel der feilen liggjer.

— Betyr jula noe for samholdet i familien?

— Slik som det gjerne er blitt nå, så har vi fått det så forferdelig travelt. Da er det godt at julen gir oss det ekstra puffet som skal til for samling i hjemmet. Sangene, lekene, ja hele atmosfæren i jula er med på å sveise oss sammen.

— Hvordan er det med julegaver?

— Det som liggjer til grunn er vel at vi har lyst til å glede hverandre. Hos oss har vi ofte ventet med det vi trenger til denne tiden. Så gir vi hverandre det vi har bruk for til jul.

Dermed blir det ikke noe særlig ekstra.

— jostein —

## TRUA PÅ JESUS GJER MEG GLAD

Leiaaren har hjulpe meg fram til ei glad tru på Jesus. Eg har alltid visst at Jesus er frelsaren. No er han blitt min personlege frelsar. Det er eg glad for. Kor eg enn er, så er han med meg. Sjølv om eg ikkje alltid klarar å bekjenna at eg trur på han, så gir han meg ikkje opp. Her har det kristne miljøet vore til god hjelp, — serleg bibelgruppene. Der kan vi få snakke saman om det som er vanskeleg.

Stundom har eg hatt lyst til å gi opp heile greia. Men eg veit at Gud er like fullt Gud, kor mykje eg kuttar han ut. Og så er det jo også godt å veta at om eg kuttar han ut, kuttar ikkje han meg ut. Det er stor hjelp å veta det.

Linda Grindheim.

## GUD HAR TALA GJENNOM SONEN

I gamle dagar tala Gud mange gonger og på mange måtar til fedrane gjennom profetane. No, når dei siste dagane er komne, har han tala til oss gjennom Sonen. Han har han sett til erving over alle ting, og ved han er det Gud har skapt verda. Han er avglangen av Guds herleidom og avbiletet av hans vesen, og ber alt med sitt mektige ord. Då han hadde fullført reinsinga for syndene våre, sette han seg ved høgre handa til Majesteten i det høge.

Hebrearbrevet 1,1–3

## IMMANUELTEIKNET

Sjå, ei ung kvinne vert med barn og foder ein son, og ho skal gje han namnet Immanuel.

Immanuel tyder Gud med oss.

Jes 7.14

## I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

## Espeland Begravelsesbyrå

Telefon 240808

Begravelser og bisettelser ordnes

Transport med egen bil

Annonser, sanger, sløyfer

Monumenter besørges oppsatt

## Espeland Gartneri

Telefon 240809

Blomsterforretning

Hagesenter

Kransebinderi

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 232050

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

## ARNA PRIVATBANK

Banken i Arna — for Arna-folk,  
der alle kundar, store som små,  
er hjartelig velkomne.

## ARNA PRIVATBANK

## ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss  
De også. Vi gir god service.

## KVERSØY BILFORRETNING

Telefon 24 00 17 — 24 08 45



Vår mann i Arna

## KÅRE FYLLINGEN

har forsikring som yrke. Han kan alt i forsikring,  
og står til tjeneste med råd og veiledning.

## Storebrand og Idun

Postboks 162, 5230 Espeland — Telefon 241532

## SKAL DET VERA

markiser, persiener og rullegardiner i mange vakre fargar,  
så vend Dykk til meg. Eg har også flaggstenger, skyvestigar,  
enkle stigar med flate trinn og kletørkestativ som eg sel di-  
rekte frå fabrikk. Difor rimelege prisar.

Ring meg, og eg kjem og tek mål og gjev pris.

## Magnus Borge

5233 Haukeland — Telefon 24 00 21

## La oss snakke forsikring sammen!

Du vet hva du trenger av trygghet.  
Vi kan si deg hvorledes du best kan få det.  
Velkommen til en hyggelig prat  
omkring dine personlige forsikringsproblemer.

INSPEKTØR GUNNAR JACOBSEN

FORSIKRINGSAKTIESELSKAPET **VESTA** LIVSFORSIKRINGSSELSKAPET **HYGEA**

Herredshuset, Indre Arna — Telefon 240700

# Velkommen til kyrkje \*

## PREIKELISTE FOR ARNA

- 22/12 Arna: Fung. res. kap. Hitland Barnevakt.
- 24/12 Arna kl. 15.00: Fung. res. kap. Hitland. Offer til kirkens nødhjelp. Kl. 16.00: Hitland Offer Kirkens nødhjelp.  
Gamleheimen: Fung. soknepr. Fykse. Haukeland skole kl. 14.00:  
Hitland. Offer Kirkens nødhjelp. Ytre Arna kl. 15.00: Fung.  
sokneprest Fykse. Offer Kirkens nødhjelp. Ytre Arna kl. 16.00:  
Fykse Offer til Kirkens nødhjelp.
- 25/12 Arna: Fung. soknepr. Fykse Offer NMS.  
Ytre Arna: fung. res. kap. Hitland Offer NMS.
- 26/12 Arna Gamleheim: Hitland Nattverd.  
Trengereid: Fykse. Offer til NMS.
- 29/12 Arna: Fung. soknepr. Fykse.
- 31/12 Arna kl. 23.15: Fung. res. kap. Hitland.
- 1/1-75 Arna: Fung. soknepr. Fykse. Nattverd.  
Ytre Arna: Fung. res. kap. Hitland. Nattverd.
- 5/ 1 Arna: Misjonsprest John Victor Selle. Offer til Santalmisj.  
Barnevakt.  
Ytre Arna: Fung. res. kap. Hitland. Barnevakt.
- 12/ 1 Arna: Fung. res. kap. Hitland.
- 19/ 1 Arna: Fung. res. kap. Hitland. Nattverd. Barnevakt.  
Ytre Arna: Fung. soknepr. Fykse.  
Trengereid kl. 18.00: Fung. res. kap. Hitland.
- 26/ 1 Arna: Fung. soknepr. Fykse. Barnevakt.

HAR DE HUSKET JULEGAVEN TIL  
KIRKENS NØDHJELP?  
Postgiro 100.